
Saksnr: 2021/50298-1
Saksbehandlar Ingeborg Christina Lie
Fredheim
Dato: 05.10.2021

Til: Hovudutval opplæring og kompetanse

Frå: Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

Tilskot til landsliner – finansieringsordning og økonomiske konsekvensar

1. Bakgrunn

Fylkestinget gjorde m.a. følgjande vedtak i sak 51/2021 Uttale om søknad om landslinjetilbod:

4. Vestland fylkeskommune meiner ordninga med landsline bidreg til eit mangfaldig opplæringstilbod for elevar i vestland og elles i landet. Hovudutvalet ynskjer likevel meir informasjon om finansieringsordninga for landslinjene og korleis nye landslinjetilbod påverkar fylkesøkonomien og ber administrasjonen orientere eller leggje fram eit notat om dette i utvalet.

2. Om landslineordninga

Ordninga med tilskot til landsliner skal bidra til å sikre at elevar frå heile landet har eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare tilbod i vidaregåande opplæring. Mottakarar av tilskot til drift og utstyr er fylkeskommunar som driv landsliner.

Fylke med godkjente landslinjetilbod skal stille naudsynte lokale og skuleromsutstyr, verkstader, øvingslokale og liknande til disposisjon, medan Utdanningsdirektoratet betaler driftstilskot og utstyrstilskot.

Det er eit krav at søknader om nye eller utviding av eksisterande landslinjetilbod skal vere støtta av alle fylkeskommunane. Kunnskapsdepartementet tek avgjerd om kva tilbod som får status som landslinje. Ved inntak til godkjende landsliner stiller søkjarar frå heile landet likt i konkurransen om plassar.

3. Landslinjetilbod i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har følgjande landslinjetilbod:

Skule	Tilbod	Tal godkjende plassar	Statleg tilskot 2020	Fylkeskommunalt tilskot 2020
Os vidaregåande skule	vg3 yrkessjåfør vg2 anleggsteknikk vg3 anleggsmaskinmekanikar	30 60 15	15 637 320 kr	6 540 000 kr
Odda vidaregåande skule	vg2 smed	10	1 290 151 kr	-
Stryn vidaregåande skule	Vg1, vg2, vg3 studiespesialisering, skiskyting	30	2 439 160 kr	-

Sogndal vidaregåande skule	Vg3 yrkessjåfør	30	4 504 680 kr	1 997 000 kr
Sogn jord- og hagebruksskule	Vg2 og vg3 økologisk landbruk	52	10 606 345 kr	3 070 000 kr

Driftstilskot:

Fylkeskommunen skal gjennomføre elevteljing per 1. april og 1. oktober og sende elevlistene/søknad om driftstilskot til Utdanningsdirektoratet innan 15. april og 15. oktober. Driftstilskot blir utbetalt med 85 % av godkjent kapasitet og 15 % av faktisk elevtal innanfor godkjent kapasitet.

Følgjande satsar gjeld for landslinetilboda frå 01.01.2021:

Landlinje	Satser 01.01.2021
Idrettslinjer	87 100
Folkemusikk/Jazz	108 900
Økologisk landbruk	179 100
Anleggsgfag	154 100
Flyfag/avionikk/romteknologi	145 400
Yrkessjåfør	160 000
Sportsfiske	87 100
Ur- og instrumentmaker	145 400
Smedfaget	145 400
Natur- og miljøfag	87 100
Sjømat	87 100

Utstyrstilskot:

Utstyrstilskot blir gitt til landslinjer som må nytte kostbart utstyr i opplæringa. I Vestland fylkeskommune er det dei vidaregåande skulane Sogndal og Os som har motteke utstyrstilskot til landslinjetilboda i yrkessjåfør, i 2020 med til saman kr 4 586 144,-

Utstyrstilskotet skal berre gå til dekking av utgifter ved kjøp, leige og vedlikehald av teknisk utstyr, som er direkte knytt opp mot landslina. Tilskotet skal ikkje nyttast til å dekke ordinære driftsutgifter som t.d.. løn, overtid, reiseutgifter kjøp av pc og kontorutstyr m.m.

KS skal saman med Nasjonalt samordningsutval for små fag i vidaregåande opplæring (NSU) legge fram ein fordelingsnøkkel som dannar grunnlag for berekning og utbetaling av utstyrstilskotet. Denne fordelingsnøkkel vert lagt fram for Utdanningsdirektoratet innan første kvartal kvart år.

Kunnskapsdepartementet kan gje føringar for fordeling av utstyrsmidlane. Frist for å sende rapport og rekneskap over bruken av utstyrstilskotet er 1. juni det påfølgjande året.

4. Finansieringsordninga for landslinene - korleis nye/utviding av landslinetilbod påverkar fylkesøkonomien

Fram til 2021 vart landslineordninga finansiert med ei eiga løyving som kom i tillegg til rammetilskotet til fylkeskommunane. Frå 2021 vert oppretting av nye - og utviding av eksisterande landslinetilbod finansiert ved eit trekk i det samla rammetilskotet til fylkeskommunane, tilsvarande budsjetteffekten av oppretting av ei ny landsline eller utviding av ei eksisterande landsline. I

Kunnskapsdepartementet si tilråding til statsbudsjett for 2021 heiter det m.a. (kap. 225, post 60 Tilskot til landsline):

Vidaregåande opplæring blir i hovudsak finansiert med dei frie inntektene til fylkeskommunane. Fylkeskommunane er kompenserte for å gi eit tilbod til alle som har rett til vidaregåande opplæring, og dette inkluderer elevar ved landslinjer. For å unngå dobbeltfinansiering vil nye landslinjetilbod og utvidingar av eksisterande tilbod bli finansierte med eit trekk i det samla rammetilskotet til fylkeskommunane, tilsvarande budsjetteffekten av opprettinga av ei ny eller utvida landslinje. Nivået på trekket blir berekna det året landslinja blir oppretta/utvida, og deretter vidareført som eit varig trekk utan justering for eventuelt endra elevtal innanfor godkjent elevtal.

Trekket i rammetilskotet for fylkeskommunane ved oppretting av nye eller utviding av landslinjetilbod vert altså berekna ved å multiplisere godkjent/utvida elevtal ved landslinja med satsen for det statlege driftstilskotet for landslinja. Døme: dersom det vert oppretta ei ny landsline i idrettsfag med godkjent elevplassstal på 10, vert den økonomiske effekten for fylkeskommunane eit årleg trekk i det samla rammetilskotet på kr 871 000 (godkjent tal elevplassar (10) multiplisert med satsen for statstilskot til landslinjer i idrettsfag (kr 87 100)). Dersom ein legg til grunn at Vestland fylkeskommune sin prosentdel ved fordeling etter innbyggartal er om lag 12%, vil trekket i rammetilskotet for Vestland utgjere 104 520 kr.